



INFORMASJON TIL INNBYGGJARANE I SKODJE KOMMUNE

NR. 136

MARS 2017

Er du ein person som ynskjer deg eit godt naboskap, ei god bygd og ein god kommune å bu i for deg og dine?

**Møt opp på Gomerhuset
Torsdag 23. mars kl. 19.30 - 22.00**

Spørsmålet er:

***Korleis kan vi i fellesskap skape
eit godt lokalsamfunn?***

Svara må vi finne saman!

Bakgrunnen for møtet:

For Skodje kommune er frivilligheit eit satsingsområde.

Bakgrunnen for dette er ei erkjenning av at gode lokalsamfunn krev samskaping.

Som kommune sit vi ikkje inne med alle løysingane. Vi ønskjer difor dialog med innbyggjarane for å få fram ulike perspektiv og idear. Vi er med andre ord avhengige av å engasjere lokaldemokratiet for å finne gode løysingar.

Alle som ønskjer å bidra med tankar og innspel er hjarteleg velkomne!

Skodje kommune

Oppgåveutval for frivilligheit

Elisabeth Engvik er tilsett som demenskoordinator i Skodje

Elisabeth arbeider i heimebasert omsorg. Som demenskoordinator vil ho vere kontaktperson for dei som har demens og deira pårørande, i heimebasert omsorg og på omsorgssenteret.



Elisabeth Engvik

Demenskoordinatoren vil samarbeide med legane, koordinerande eining og omsorgstenestene i Skodje.

Elisabeth Engvik har sett av fast onsdagar frå og med 01.04 til arbeid som demenskoordinator.

Ho kan treffast på mobiltelefon 905 83 849 onsdagar kl 12.00 - 15.00, frå onsdag 5. april. Utanom denne tida kan ein ringe koordinerande eining, som kan vidarebringe beskjed.

Koordinerande eining har telefonnr. 476 85 015, 70 24 40 58 eller 477 00 417.

Skodje kommune arbeider for at vi skal vere eit demensvenleg samfunn, der menneske med demens opplever å vere inkludert og involvert i nærmiljøet. Å bli møtt med respekt, forståing og støtte frå dei du treng hjelp frå vil gjere det mogleg å utføre vanlege kvardagsaktivitetar som t.d. å handle, bruke offentleg transport, kommunisere med offentlege kontor, delta i foreiningsliv, vere i fysisk aktivitet og besøke bibliotek, kino og konsertar.

Aktivitetar vi planlegg i 2017:

Demenskoordinator vil saman med arbeidsgruppa for demensomsorg tilby organisasjonar og næringslivet 1 times opplæring i korleis yte god service til menneske med demens. Kurset er levert av Nasjonalforeningen for folkehelsen, med midlar frå TV-aksjonen i 2013.

I tillegg planlegg vi å starte kurs for å bli aktivitetsvenn. Aktivitetsvenn er eit tilbod til menneske med demens. Ein aktivitetsvenn er ein friviljug, som gjer aktivitetar saman med den som har demens. Og utgangspunktet er at du har ei interesse eller noko du synest er hyggjeleg å gjere som t.d. å gå tur, lese bøker, sykle, fiske eller møtest over ein kaffikopp. Samtidig som du får gjere dette er du til stades for ein som treng deg. Vi finn nokon som deler dine interesser, i tillegg tilbyr vi deg rettleiing og kurs. Du har også eit støtteapparat med erfaring og kompetanse i ryggen.

Nytt krisevassanlegg

Skodje kommune skal bygge krisevassanlegg på Fylling.

Anlegget er eit beredskapsanlegg som berre vert tilkopla ved større svikt i den ordinære forsyninga. Det kan vere ved langvarig utfall av vasskjelde, nedføringsleidning eller behandlingsanlegg.

Krisevatn vil bli levert med redusert kvalitet. Vatnet vil bli behandla med klor, og det vil bli gitt påbod om koking.

Anlegget medfører ingen restriksjonar i bruk av Fyllingsvatnet/Engesetdalsvatnet.

Har du spørsmål, ta kontakt med teknisk sjef Frode Helland eller avd.ing. Magnar Kvalvik ved teknisk avdeling.

Meir informasjon på skodje.kommune.no/krisevatn.



"Kommunenytt" er utgjeve av Skodje kommune, og vert distribuert til alle husstandar, handlande og kontor i Skodje, og kommunale avdelingar. Ansvarleg redaktør: rådmann Bente Glomset Vikhagen.



SKODJE KOMMUNE

6260 SKODJE | 70 24 40 00 | Beredskapstif. teknisk: 99 29 66 35
postmottak@skodje.kommune.no | www.skodje.kommune.no